

# Målspråket i klassrummet

- EN HANDBOK FÖR LÄRARE I MODERNA SPRÅK

av Birgitta Hellqvist og Nicolas Manuguerra



Gjengitt med tillatelse fra Natur & Kultur

Omtalt av **Hans Erik Bugge**, førsteamanuensis, Universitetet i Stavanger

Boka *Målspråket i klassrummet* er skriven av Birgitta Hellqvist og Nicolas Manuguerra og kom ut på det svenske forlaget Natur & Kultur i 2021. Formålet med boka er å svare på kvifor vi bør undervise på målspråket, og korleis vi best kan gjere det. Målgruppa er lærarar og lærarstudentar som vil undervise mest mogleg på målspråket. Boka tek utgangspunkt i spansk-, tysk- og franskundervisninga, men døma har overføringsverdi til andre språkfag og. Boka er velskriven og argumenterer for korleis svenske styringsdokument legg til rette for mest mogleg bruk av målspråket i klasserommet. Det blir elles diskutert korleis språklæring og motivasjon for språklæring best kan fremjast blant elevane.

Boka har fire delar. Døma som er brukte, er knytte til relevant språkdidaktisk forskning. Først drøftar ein kvifor målspråket bør brukast i størst mogleg grad, og deretter kjem ei beskriving av korleis læraren kan bygge opp ein trygg klasseromskultur som samtidig utfordrar elevane og skaper grunnlag for mest mogleg bruk av målspråket. I neste omgang tek boka for seg ressursar og strategiar som kan leggje grunnlag for bruk av målspråket i klasserommet med utgangspunkt i dialogbasert undervisning. Det er lagt stor vekt på kommunikasjon og på å bruke språket frå første stund. Boka er dermed relevant i ein norsk kontekst i lys av LK20, også med tanke på dei andre kjerneelementa i LK20. Her er til dømes forslag til korleis ein

kan bruke digitale ressursar og la elevane jobbe med dagsaktuell informasjon frå målspråklanda, og til korleis ein kan nytte visuelle verkemiddel og målretta dialogar for å stimulere til mest mogleg bruk av målspråket. Det blir presentert forslag til utvikling av eit formålstenleg repertoar av instruksjonar og støttmateriell på målspråket i klasserommet. Det er lagt vekt på bruk av målspråket utanfor klasserommet og på kva plass grammatikken og pragmatikken har i framandspråkundervisninga. Siste del av boka ser på betydninga av kommunikative mål og på kva utfordringar og moglegheiter ein typisk vil møte på dei ulike klassetrinna i den svenske skulen.

